



ØYGARDEN KOMMUNE -

UTSTILLINGSVINDU FOR KVINNER I LOKALPOLITIKKEN

Øygarden kommune er ein av 22 kommunar som er med i prosjektet "Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken" i regi av Kommunal- og regionaldepartementet.

Prosjektperioden vil vara i heile neste valperiode, frå 2007 til 2011.

Øygarden er vald ut på bakgrunn av at kommunen har tradisjon for låg kvinneandel i politiske styre og utval, særleg har dette gjort seg gjeldande i inneverande valperiode der det er svært få kvinner som har politiske verv.

På Statistisk Sentralbyrå sin likestillingsindeks for 2006 ligg Øygarden på 334. plass blant landets 430 kommunar. Ein av indikatorane er antal kvinnelege kommunestyrerepresentantar, som for Øygarden sin del er fire av 23 representantar. I formannskapet er ein av fem representantar kvinne, og blant fem hovudutvalsleiarar er det ei kvinne.

Slik ønskjer me ikkje å ha det i Øygarden. Kvinner skal på lik line med menn, ha viktige posisjonar i øygardspolitikken. Det sikrar mangfald og gode tenester. Med økonomisk støtte frå departementet, skal det dei neste fire åra iverksetjast ulike tiltak som kan gjera det meir attraktivt for kvinner å delta i politisk arbeid. Men det føreset at kvinner vert vald inn i kommunestyret den 10. september.

Formannskapet, som er styringsgruppe for prosjektet "Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken", oppmodar difor deg som veljar å bruka retten du har til å gi personstemme til kvinner ved kommunevalget 2007.

Olav Martin Vik Rune Haugetun Anita Træen Otto Harkestad Jørn Austbø